

Noreg treng ein framtidsretta landbrukspolitikk

Vedteke på SV sitt landsmøte 20. mars 2017

Det føregår eit bondeopprør mot den nye landbruksmeldinga. SV stør dette opprøret. Regjeringa har nyleg lagt fram denne meldinga, med tittelen «Endring og utvikling», der ein set opp «kostnadseffektiv matproduksjon» som det overordna målet for landbrukspolitikken. Regjeringa har mellom anna foreslått å kutte ned på talet på kvoteregionar for mjølkeproduksjon, å endre eller avvike fleire av marknadsordningane i landbruket og å avvike avløysarordninga. Dei vil også ta bort prosentmålet for auka økologisk produksjon.

Bønder over heile landet har protestert mot denne politikken, og både Nord Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag har kalla meldinga "eit angrep på landbruket". Vi i Sosialistisk Venstreparti vil kjempe for eit framtidsretta landbruk i lag med bøndene. Trygg mat må sikrast gjennom miljøvennleg produksjon i heile landet. Vi meiner at regjeringa si liberalistiske landbrukspolitikk vil verke sentraliserande, åpne for meir import frå EU og redusere matberedskapen. Dei fleste av tiltaka i den nye meldinga er feil medisin, ikkje minst for småskalalandbruket rundt om i landet med knappe jordressursar.

Sosialistisk Venstreparti vil at landbruket framleis skal bidra til spreidd busetnad. Vi vil prioritere små og mellomstore bruk, og jobbe for ei god inntektsutvikling i næringa. Vi vil arbeide for eit sterkt grensevern, strengt vern av matjord og ein produksjon basert på lokale råvarer. Vi vil vidareføre ordningane der samvirkeorganisasjonane utøver marknadsregulering. Dette er ordningar som har fungert og tryggja bøndene sine kår i over 80 år.